



**Eigarskapsmelding
Bjørnafjorden kommune
Del III – Føretaksspesifikk
eigarstrategi for**

**Oseana kunst- og kultursenter
Bjørnafjorden KF**

Org nr: 996 347 435

Vedteken av Bjørnafjorden kommunestyre 19.02.2026, sak 13/2026

Innhald

1 Innleiing – Eigarstrategi - formål	3
2 Eigar sitt formål – kommunen sitt formål med eigarskapen	4
3 Fakta om føretaket	4
4. Eigar sine krav til føretaket	5
4.1 Føretaket sitt samfunnsansvar	5
4.2. Føretaksstrategi	5
4.3 Eigarmøte/dialogmøte med eigar	6
4.4 Eigarstruktur	7
4.5 Resultatmål	7
4.6 Rapportering	8
5 Interesse- og rollekonflikter	8
6 Evaluering av eigarstrategien	8
7 Vedlegg	8

1 Innleiing – Eigarstrategi - formål

Bjørnafjorden kommune har utarbeidd ei tredelt eigarskapsmelding som har til hensikt å gje ein heilskapleg eigarstrategi for dei eigarpostane kommunen har i ulike selskap.

Eigarskapsmeldinga del I – Generelle prinsipp - skildrar dei overordna prinsippa for kommunen si forvaltning av sine eigarposisjonar i selskap, foretak og andre fora.

Eigarskapsmeldinga del II – Selskap og eigarskap – viser oversikt over dei ulike eigarskapa og kommunen sitt formål med eigarskapet per selskap. Denne syner også selskapet sitt formål og nøkkeltal. Eigarmeldinga del II inngår som ein del av kommunen si årsrapportering og handsamast soleis ein gang i året.

Eigarskapsmeldinga del III – Selskapsspesifikk eigarstrategi – er nettopp det.

Kommunen sin spesifikke eigarstrategi for dei selskapa som kommunen har ein særskilt interesse i, slik som heileigde kommunale aksjeselskap og kommunale foretak. Denne omfattar formål med eigarskapet, krav til selskapet, selskapet sin strategi m.v.

Samla sett utgjer dette Bjørnafjorden kommune sin eigarskapspolitikk. Eigarskapspolitikken skal bidra til føreseielege styringssignal som kan sikre langsiktig verdiskaping, samfunnsmessig og/eller finansielt, i selskapa. Den samla eigarskapsmeldinga skal vere eit overordna politisk styringsinstrument for kommunale føretak og for verksemdar som er lagt til eit anna rettssubjekt, ei vertskommune eller til anna interkommunalt organ.

Målet er at selskapa, gjennom eigarskapsmeldinga, skal få klarare styringssignal frå eigar, herunder forventningane til det einskilde selskapet. Dette vil særleg kome fram i del III, dei selskapsspesifikke eigarstrategiane.

Den selskapsspesifikke eigarstrategien blir utarbeidd individuelt for kvart selskap. Dette blir gjort av eigar i samråd med selskapet og selskapet sitt styre. Eigarstrategien vedtakast av kommunestyret. Eigarstrategien utdyper formålet med selskapet, fastsetter overordna målsettingar og tydeleggjer eigars krav, rammer og forventingar til selskapet sin drift og til selskapet sitt styre. Eigarstrategien skal uttrykke dei mål, tiltak og prioriteringar kommunen har satt overfor selskapet. Eigarstrategien skal utdjupe og supplere eigarskapsmeldinga del I og II. Om desse ikkje er i samsvar har eigarskapsmeldinga del I og II forrang.

2 Eigar sitt formål – kommunen sitt formål med eigarskapen

Bjørnafjorden kommune har etablert føretaket Oseana kunst- og kultursenter Bjørnafjorden KF (heretter Oseana). Det overordna formålet med etableringa skal ivareta fleire sider ved verksemda:

- Oseana skal driva kunst- og kulturformidling innan ulike sjangrar, det vera seg kunstutstillingar, konsertar, teater, opera, restauranttenester og konferansar av ulik art. Oseana skal gje tilbod til lag, organisasjonar og enkeltpersonar lokalt og regionalt.
- Oseana skal sikra overskot i drifta. Slikt overskot vert verande i selskapet og skal disponerast på ein måte som styrkjer framtidig drift. Ved eventuell likvidasjon skal formuen nyttast i samsvar med føremålet.

Bjørnafjorden kommune har valt føretaksforma for å gje styret for Oseana, og den administrative leiinga, handlingsrom for god forretningsmessig drift. Samtidig som styret og den administrative leiinga skal ha handlingsrom for god forretningsmessig drift, sikrar kommunen styring gjennom årlege budsjettvedtak for føretaket.

3 Fakta om føretaket

Oseana sitt primære formål er å vera eit kunst- og kultursenter i form av eit brukshus for det lokale kulturlivet, i tillegg til å vera ein kulturell og sosial møteplass for eit breitt publikum med eit mangfald av profesjonelle kulturytringar, både på nasjonalt og internasjonalt nivå. Oseana har heile Bergensregionen som sitt kjerneområde. Senteret skal vera "eit hus for opplevingar" for unge, eldre, amatørar og profesjonelle. Samstundes skal kulturhuset bidra til å utvikla Bjørnafjorden som ein attraktiv nærings- og bustadkommune.

Fordelt på 5800 kvadratmeter finn ein kunstutstilling, kultursal, restaurantlokale og lokale til kurs, konferansar, møte og selskap. Grieg Kunstsamling består av fleire hundre kunstverk, hovudsakleg av norske kunstnarar.

Oseana vart etablert etter at Per Grieg sr. i 2006 tok kontakt med dåverande Os kommune v/ordførar Terje Søviknes. Han presenterte tankane om å byggja eit kunstmuseum som skulle husa Grieg Foundation si kunstsamling, og gjere denne tilgjengeleg for folk flest. Sjølv bygget skulle også vera spektakulært, helst liggja ved fjorden, og representera noko nytt samanlikna med tradisjonelle kunstmuseum.

Initiativet frå Grieg resulterte i ein omfattande prosess i Os kommune. Regionale, nasjonale og internasjonale kulturmiljø vart utfordra, og alle fekk koma med sine kravspesifikasjonar. Idéen utvikla seg til eit multifunksjonelt kunst- og kultursenter, teikna av Grieg Arkitekter v/Andreas Grieg.

18. desember 2008 fatta Os kommunestyre samrøystes vedtak om realisering av Oseana kunst- og kultursenter.

24. april 2009 var det byggjeart på Mobergsneset. Overskotsmassar blei nytta til ny molo i Os hamn. 17. juni 2011 var det offisiell opning av Oseana kunst- og kultursenter.

Kunst- og kultursenteret vart finansiert i eit offentleg-privat spleiselag mellom den gong Os kommune, Hordaland fylkeskommune, Grieg Foundation, næringsaktørar i Oseanalauget og andre private gjevarar. Total kostnad var om lag 200 millionar kroner.

Ved utgangen av 2025 hadde Oseana 9,3 faste årsverk, der to stillingar er finansierte av Grieg Foundation. I tillegg har Oseana mange faste frivillige som bidreg ved dei ulike arrangementa. Oseana nyttar òg innleige av riggehjelp og av teknisk personell til ulike produksjonar.

4. Eigar sine krav til føretaket

4.1 Føretaket sitt samfunnsansvar

Oseana sitt samfunnsansvar er å vera Bjørnafjorden si kulturelle storstove – ein berekraftig og inviterande arena som skaper opplevingar, styrkjer identitet og fellesskap, og gjer kultur tilgjengeleg for alle.

Oseana skal

- Vera eit hus for innbyggjarane i Bjørnafjorden, med fokus på breidde, mangfald og særleg barn og unge.
- Tilby eit variert kulturprogram av høg kvalitet med kunst, musikk, dans, teater og andre uttrykk – frå lokalt til internasjonalt nivå.
- Fremja kulturelle verdier og identitet som gjev eit rikare samfunn for innbyggjarane i kommunen og regionen.
- Bidra til berekraft ved å redusera klimaavtrykket i kunst- og kultursektoren i tråd med FN sine berekraftsmål.
- Vera ein inkluderande og raus arbeidsplass som gir meining og kulturell kompetanse.
- Bygga samarbeid og nettverk med lokale og nasjonale aktørar, og bidra til utvikling av Bjørnafjorden som reisemål og attraktiv bustadkommune.

Føretaket skal drivast i tråd med dei til ei kvar tid gjeldande lovar og reglar. Føretaket skal ta gode etiske og ansvarlege val når det gjeld både sosiale, økonomiske og miljømessige forhold, og skal ha rutinar for internkontroll. Bjørnafjorden kommune sine etiske retningslinjer skal ligga til grunn for verksemda, og Oseana Kunst- og kultursenter Bjørnafjorden KF skal følgja kommunen sitt innkjøpsreglement og ha rutinar som er i tråd med lov om offentlege anskaffingar.

Oseana Kunst- og kultursenter Bjørnafjorden KF skal ha ein god og tett dialog med dei ulike brukargruppene, spesielt med frivillige lag og organisasjonar som nyttar Oseana enten til øving eller til arrangement og framsyningar.

4.2. Føretaksstrategi

Mål og strategiar for føretaket blir vedtekne av styret for Oseana Kunst- og kultursenter Bjørnafjorden KF.

Bjørnafjorden kommune legg til grunn at styret og leiinga utviklar forretningsmessige mål og strategiar for verksemda som er i samsvar med kommunestyret sine overordna mål (jf. pkt. 2), og at føretaket gjev innbyggjarane, og publikum generelt, eit best mogleg tilbod innan kunst- og kulturformidling.

Føretaket sitt strategidokument, saman med den årlege økonomiske planen (sjå punkt 4.5 nedanfor), skal samla gje ei vurdering av føretaket sin risikoprofil og risikoeksponering.

Strategiplanen for Oseana kunst- og kultursenter Bjørnafjorden KF 2022–2025 følgjer som vedlegg.

Oppsummert seier gjeldande strategiplan at Oseana kunst- og kultursenter har som mål å vera Bjørnafjorden si kulturelle storstove og som visjon å skapa eit hus for opplevingar. Gjennom verdiane inviterande, raus og skapande skal senteret tilby eit breitt spekter av kulturytringar – frå dans, musikk og teater til biletkunst – med særleg satsing på kunst gjennom Griegsamlingen. Publikumstilbodet er primært retta mot innbyggjarane i Bjørnafjorden, deretter Bergen og Vestland, med fokus på mangfald, og barn og unge som ei viktig målgruppe. Oseana skal vera ein berekraftig arena som leier an i redusera klimaavtrykket i samsvar med FN's berekraftsmål, ein raus og meningsfylt arbeidsplass, og ein naturleg samarbeidspartnar for lokale og nasjonale arrangørar. Gjennom samarbeid og nettverksarbeid vil Oseana bidra til at andre lukkast, og til å lukkast sjølv. Oseana skal og bidra til å utvikla Bjørnafjorden som reisemål og som attraktiv bustadkommune.

Våren 2026 skal styret arbeida med ny strategiplan som etter planen skal vedtakast innan sommaren 2026.

4.3 Eigarmøte/dialogmøte med eigar

Eigarmøtet er faste møte minimum to gongar i året, mellom Oseana Kunst- og kultursenter Bjørnafjorden KF ved styret sin leiar og direktør, og kommunen ved ordførar og kommunedirektør. Eventuelle andre deltakarar møter etter behov. Møta vert fortrinnsvis haldne i april og september, dersom ikkje tilhøva tilseier noko anna.


Eigarmøta sitt formål er generell informasjon og utveksling av erfaring med drifta samt utvikling av felles forståing for mål, strategiar og resultat når det gjeld drifts- og utviklingsområde.

I eigarmøtet skal Oseana orientera om pågåande prosjekt og utvikling av desse, samt tankar kring komande prosjekt. Risikoelement ved pågåande prosjekt og prosjekt under utvikling skal takast opp. Økonomiplan (sjå pkt. 4.5 nedanfor) skal behandlast i eigarmøtet. Eigar ved kommunedirektøren har ansvar for innkalling og gjennomføring av møta. Det skal førast referat frå eigarmøta.

Andre møte

Når tilhøva tilseier det kan det haldast møte mellom eigar Bjørnafjorden kommune ved ordførar og kommunedirektør og Oseana Kunst- og kultursenter Bjørnafjorden KF ved styreleiar og direktør. Desse møta kan haldast for å sikra vital informasjon utanom eigarmøta. Innkalling til møta kan skje av begge partar. Eigar ved ordførar eller kommunedirektør kan i tillegg kalla inn til møte med forankring i vedtak i kommunestyret. Det skal førast referat frå alle møte.

4.4 Eigarstruktur



Bjørnafjorden kommune er, og skal vera, eineieigar av Oseana kunst- og kultursenter Bjørnafjorden KF. Føretaket er ein integrert del av den kommunale organisasjonen og er ikkje eige rettssubjekt. Oseana har ikkje eigarskap i andre selskap.

4.5 Resultatmål

Styret for føretaket skal kvart år utarbeida ein økonomisk plan som gjer greie for føretaket sin økonomiske status, og resultatmål på kort og lang sikt. Planen skal brytast ned på prosjekt. Den økonomiske planen skal drøftast og behandlast i eigarmøtet (sjå punkt 4.3 over).

Eigar ventar at føretaket driv på ein slik måte at det over tid er økonomisk balanse mellom budsjett og rekneskap.

Ved overskot frå drifta blir det ikkje betalt ut utbyte frå føretaket. Overskot blir verande i føretaket og skal disponerast på ein måte som styrkjer framtidig drift. Eigar ventar at føretaket, gjennom overskot i drifta over tid, har ein tilfredsstillande eigenkapital som sikrar handlefridom og berekraft for føretaket.

Oseana kunst- og kultursenter Bjørnafjorden KF skal ikkje vera regionalt lønnsleiande på sitt område, men skal samtidig vera konkurransedyktig i lønspraksisen sin.

Tilsettingar i Oseana er direktøren for Oseana sitt ansvarsområde. Direktøren fastset løn og andre godtgjersler for dei tilsette.

Eigar ventar at føretaket tilbyr eit variert kulturprogram av både kunstnarisk høg kvalitet og med breidde i programprofilen, i tråd med samfunnsansvaret. Programprofilen til føretaket skal ivareta og fremja både det lokale, regionale, nasjonale og internasjonale kunst- og kulturlivet.

Eigar ventar at føretaket held fram klima- og berekraftarbeidet sitt og opprettheld Mijøtårnsertifiseringa si eller andre tilsvarande sertifiseringsordningar.

4.6 Rapportering

Føretaket si rapportering til eigar skal skje på følgande måte:

- Det skal utarbeidast årsmelding for føretaket.
 - Årsmeldinga skal rapportera i samsvar med gjeldande eigarstrategi og føretaksstrategi og visa i kva grad føretaket oppfyller eigar sine forventningar og selskapet sine egne mål.
 - Årsmeldinga skal gje informasjon om vesentlege endringar og investeringsbehov for selskapet
 - Som del av årsmeldinga skal det rapporterast om korleis føretaket ivaretek samfunnsansvaret sitt (jf. punkt 4.1).
 - Årsmeldinga skal gje informasjon om resultatet av styret si eigaevaluering.
- Det skal utarbeidast resultatrapport, balanse og noter til årsrekneskapen
- I tillegg til årsrapport skal føretaket utarbeida tertialrapportar i forkant av eigarmøta.
- Føretaket skal rapportera til eigar når det ligg føre vesentlege avvik frå budsjett.

5 Interesse- og rollekonflikter

Bjørnafjorden kommune kan vere både eigar, leverandør, kunde og mynde i høve til føretaket. Kommunen er merksam på moglege interesse- og rollekonflikter i samband med føretaket si verksemd.

Moglege interesse- og rollekonflikter skal handterast gjennom føretaket sine ordinære beslutningsfora. Forhandlingar og diskusjonar mellom føretaket og kommunen sine einingar/andre verksemdar skal løysast mellom partane og ikkje på eigarnivå.

6 Evaluering av eigarstrategien

Eigarstrategien skal evaluerast kvart fjerde år. Evalueringa skal gjerast i etterkant av kommunen si revidering av eigarskapsmelding del I.

7 Vedlegg

Eigarskapsmelding del I – Generelle prinsipp

Eigarskapsmelding del II – Selskap og eigarskap

Oseana kunst- og kultursenter Bjørnafjorden KF sin strategiplan for 2022-2025